

# St.prp. nr. 45

(2003–2004)

## Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av eit fleirårig program for ei effektiv integrering av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i utdannings- og opplæringssistema i Europa (e-læringsprogrammet)

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 19. mars 2004,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

### 1 Bakgrunn

EU sitt program for ei effektiv integrering av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i utdannings- og opplæringssistema i Europa (e-læringsprogrammet), vart formelt vedteke i EU 5. desember 2003 ved europaparlaments- og rådsavgjerd 2318/2003/EF. Programmet skal vare i tidsrommet 2004–2006. Programmet er ei vidareføring og oppgradering av handlingsplanen for e-læring frå 2001 under eEuropa-paralyen, som Noreg tok del i. Noreg har gjennom EFTA kome med innspel til utforminga av programmet.

Norsk deltaking i programmet gjer det naudsynt med eit budsjettvedtak for treårsperioden, og i medhald av § 26 andre leddet i Grunnlova og artikkel 103 i EØS-avtala må difor Stortinget gi sitt samtykke til deltaking i avgjerala i EØS-komiteen. Med sikte på at Noreg skal kunne ta del i programmet så tidleg som råd, vert det lagt opp til at stor-

tingsproposisjonen vert fremja før avgjerala vert teken i EØS-komiteen.

Europaparlaments- og rådsavgjerala og utkastet til avgjerd i EØS-komiteen i uoffisiell norsk omsetjing følgjer som trykte vedlegg til proposisjonen.

### 2 Nærmore om e-læringsprogrammet

Det overordna målet for programmet er å støtte og vidareutvikle ein effektiv bruk av IKT i europeiske utdannings- og opplæringssystem, for såleis å medverke til at kvaliteten på utdanninga vert betre og å fremje tilpassinga av systemet til dei krava som kunnskapssamfunnet stiller innanfor ramma av livslang læring.

Dei særskilte måla for programmet er:

- å identifisere dei aktuelle aktørane og informere dei om korleis e-læring kan nyttast for å

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av eit fleirårig program for ei effektiv integrering av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i utdannings- og opplæringssistema i Europa (e-læringsprogrammet)

- fremje digital kompetanse, og såleis medverke til å styrkje sosial utjamning og personleg utvikling, og å fremje dialogen mellom kulturar,
- å utnytte potensialet til e-læring for å styrkje den europeiske dimensjonen innanfor utdanning,
- å skipe ordningar for å støtte utviklinga av europeiske produkt og tenester av høg kvalitet, og for å utveksle og overføre god praksis,
- å utnytte potensialet for e-læring innanfor ramma av nyskaping i undervisningsmetodar, med siktet på å betre kvaliteten til læringsprosessen og fremje sjølvstendet til dei som skal lære.

### **3 Konstitusjonelle tilhøve**

Ettersom den norske deltakinga i programmet inneber økonomiske utgifter av ein viss storleik som skal finansierast over fleire år, må Stortinget gje samtykke til deltaking i avgjerala i EØS-komiteen, jf. § 26 andre ledet i Grunnlova.

For å hindre at Noreg seinkar iverksetjinga av avgjerala, og for å gjere det mogleg for EØS/EFTA-statane å ta del i programmet så tidleg som råd, gjer Regjeringa framlegg om at Stortinget gjev sitt samtykke før avgjerala vert teken i EØS-komiteen. Det vil dermed ikkje vere naudsynt for Noreg å ta etterhald for konstitusjonelle prosedyrar ved vedtakinga. Det er ikkje venta at det vil kome endringer i utkastet til avgjerd i EØS-komiteen. Dersom den endelege avgjerala syner stort avvik frå det utkastet som er lagt fram i denne proposisjonen, vil saka verte lagd fram for Stortinget på nytt.

### **4 Avgjerala i EØS-komiteen**

Med siktet på deltaking frå EØS/EFTA-statane i e-læringsprogrammet vil avgjerala i EØS-komiteen innehalde ei innleiing og tre artiklar. I innleiinga vert det vist til artikkel 86 og 98 i EØS-avtala, som gjer det mogleg for EØS-komiteen å endre vedlegga til avtala gjennom avgjerd i EØS-komiteen.

*Artikkkel 1* slår fast at europaparlaments- og rådsvedtak 2318/2003/EF skal innlemmast som eit nytt punkt nr. 2 i protokoll 31 artikkkel 4.

Artikkkel 2 slår fast at avgjerala tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke den siste meldinga etter artikkkel 103 nr. 1 i avtala. Avgjerala skal nyttast frå 1. januar 2004.

*Artikkkel 3* slår fast at avgjerala skal kunngjera i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

### **5 Økonomiske og administrative konsekvensar**

Avgjerala i EØS-komiteen vil innebere ei plikt for EFTA/EØS-statane til framleis å ta del i finansieringa av programmet.

Den finansielle ramma er på 44 millionar euro for hele treårsperioden. Løyvinga frå EFTA vil på dagens nivå (2,19%) vere 0,9636 millionar euro over tre år. Noreg sin del (94,94%) vil vere 914 842 euro. Med ein eurokurs på 8,6 vil dette utgjere om lag 7,8 mill. kr. over tre år. I tillegg til dette vil Noreg vere plikta til å betale 292 500 euro i administrasjonsutgifter til EU, noko som vil svare til om lag 2,5 mill kr. Totalt blir dette om lag 10,3 mill. kr., noko som vil seie ei løyving per år i snitt på om lag 3,4 mill. kr. frå Noreg.

I tillegg til den økonomiske løyvinga til felleskapsprogrammet for e-læring, må dei statane som sluttar seg til programmet skapa ei nasjonal eining som skal administrere programmet. Eininga kan om mogeleg knytast til eksisterande nasjonale strukturar som arbeid er med utdanningsprogram. Eininga skal syte for nasjonal gjennomføring, informasjon om programmet og rapportering til Fellolesskapet. Utdannings- og forskingsdepartementet ser det naturleg at administrasjonen av e-læringsprogrammet vert lagd til det nyskipa nasjonale organet Senter for internasjonalisering av høgare utdanning som ligg i Bergen. Dette organet vil også administrere andre program som til dømes Sokrates og Erasmus Mundus. Det er venta at om lag kr. 500 000 vil gå med til administrasjonen av e-læringsprogrammet. Medrekna desse midlane vil programmet i snitt koste Noreg om lag 3,9 mill. kr. kvart år i tre år. Regjeringa vil kome tilbake til budsjettkonsekvensane av saka i samanheng med revisert nasjonal budsjett for 2004. Utgiftene vil verte dekte over budsjettet til Utdannings- og forskingsdepartementet, kap. 248.

Gjennomføringa i norsk rett gjer det ikkje naudsynt med lov- eller forskriftsendring.

### **6 Vurdering og tilråding**

E-læringsprogrammet vil vere med på å styrkje samhandlinga mellom høgare utdanningsinstitusjonar i Noreg og Europa. E-læringsprogrammet vil også vere med på å knyte skolar i Europa saman i eit nettverk. Noreg har gode røynsle frå deltaking i noverande program i utdanningssektoren, med den auka vekt som vert lagt på internasjonalisering i alle delar av sektoren.

Utdannings- og forskingsdepartementet rår difor

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av eit fleirårig program for ei effektiv integrering av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i utdannings- og opplæringssistema i Europa (e-læringsprogrammet)

til at Noreg tek del i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av eit fleirårig program for ei effektiv integrering av informasjonsteknologi (IKT) i utdannings- og opplæringssistema i Europa (e-læringsprogrammet). Utanriksdepartementet sluttar seg til dette.

Utanriksdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjener og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av eit fleirårig program for ei effektiv integrering av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i utdannings- og opplæringssistema i Europa (e-læringsprogrammet).

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av eit fleirårig program for ei effektiv integrering av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i utdannings- og opplæringssistema i Europa (e-læringsprogrammet), i samsvar med eit vedlagt framlegg.

---

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av eit fleirårig program for ei effektiv integrering av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i utdannings- og opplæringssistema i Europa (e-læringsprogrammet)

## **Forslag**

# **til vedtak om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av eit fleirårig program for ei effektiv integrering av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i utdannings- og opplæringssistema i Europa (e-læringsprogrammet)**

I

Stortinget gjev samtykke til at Noreg tek del i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av eit fleirårig program for ei effektiv integrering

---

av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i utdannings- og opplæringssistema i Europa (e-læringsprogrammet).

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av eit fleirårig program for ei effektiv integrering av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i utdannings- og opplæringssystema i Europa (e-læringsprogrammet)

## Vedlegg 1

# **Avgjerd i EØS-komiteen nr. [...] av [...] om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridommane**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla «avtala», særleg artikkel 86 og 98, og

på følgjande bakgrunn:

1. Protokoll 31 til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. ..../... av ...<sup>1</sup>.
2. Samarbeidet mellom avtalepartane bør utvidast til å omfatte Europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 2318/2003/EF av 5. desember 2003 om vedtakting av eit fleirårig program (2004–2006) for ei effektiv integrering av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i utdannings- og opplæringssystema i Europa (programmet for e-læring)<sup>2</sup>.
3. Protokoll 31 til avtala bør difor endrast for å gjøre eit slikt utvida samarbeid mogleg frå **DD MM ÅÅÅÅ** –

TEKE DENNE AVGJERDA:

### *Artikkel 1*

I protokoll 31 artikkel 4 (Utdanning, opplæring og ungdomsspørsmål) i avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Etter nr. 2h skal nytt nr. 2i lyde:  
«2i.EFTA-statane skal frå **DD MM ÅÅÅÅ** ta del i følgjande program:  
– **3200Y D 2381**: Europaparlaments-

og rådsavgjerd nr. 2318/2003/EF av 5. desember 2003 om vedtakting av eit fleirårig program (2004–2006) for ei effektiv integrering av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i utdannings- og opplæringssystema i Europa (programmet for e-læring) (TEU L 345 av 31.12.2003, s. 9).»

2. Nr. 3 skal lyde:

«EFTA-statene skal bidra finansielt til programmene og tiltakene nevnt i nr. 1, 2, 2a, 2b, 2c, 2d, 2e, 2f, 2g, 2h og 2i i samsvar med artikkel 82 nr. 1 bokstav a.).»

### *Artikkel 2*

Denne avgjerala tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke den siste meldinga etter artikkel 103 nr. 1 i avtala<sup>3</sup>.

Avgjerala skal nyttast frå **DD MM ÅÅÅÅ**.

### *Artikkel 3*

Denne avgjerala skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utferra i Brussel, [...].

*For EØS-komiteen*

*Formann*

[...]

*Sekretærar for EØS-komiteen*

[...]

<sup>1</sup> TEU L ...

<sup>2</sup> TEU L 345 av 31.12.2003, s. 9.

<sup>3</sup> [Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.]/[Forfatningsrettslege krav oppgjevne.]

## Vedlegg 2

# **Europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 2318/2003/EF av 5. desember 2003 om vedtaking av eit fleirårig program (2004–2006) for ei effektiv integrering av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i utdannings- og opplæringssistema i Europa (programmet for e-læring)**

**EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR  
DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR –**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 149 nr. 4 og artikkel 150 nr. 4,

som viser til framleggget frå Kommisjonen,

med tilvising til fråsegna frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet<sup>4</sup>,

med tilvising til fråsegna frå Regionutvalet<sup>5</sup>,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i traktaten<sup>6</sup>, og

ut frå desse synsmåtane:

1. Måla med utdannings- og opplæringsprogramma Sokrates og Leonardo da Vinci, som vart skipa ved høvesvis avgjerd nr. 253/2000/EF<sup>7</sup> og avgjerd nr. 1999/382/EF<sup>8</sup>, omfattar utvikling av open undervisning og fjernundervisning, saman med bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT).
2. I konklusjonane frå møtet til Det europeiske rådet i Lisboa 23.–24. mars 2000 vart det streka under at dei europeiske utdannings- og opplæringssistema må tilpassast slik det høver for kunnskapsøkonomien, og fremjing av nye grunnleggjande former for dugleik, særleg innanfor informasjonsteknologi, vart peikt ut som ein av dei tre hovudkomponentane i denne nye strategien.

<sup>4</sup> TEU C 133 av 6.6.2003, s. 33.

<sup>5</sup> TEU C 244 av 10.10.2003, s. 42.

<sup>6</sup> Europaparlamentsfråsegn av 8. april 2003 (enno ikkje offentleggjord i TEU), felles haldning frå Rådet av 16. juni 2003 (TEU C 233 E av 30.9.2003, s. 24) og haldning frå Europaparlamentet av 21. oktober 2003 (enno ikkje offentleggjord i TEU).

<sup>7</sup> Europaparlaments- og rådsbeslutning nr. 253/2000/EF av 24. januar 2000 om iverksetting av annen fase av Fellesskapets handlingsprogram for allmennutdanning «Sokrates» (TEF L 28 av 3.2.2000, s. 1). Avgjerda endra ved avgjerd nr. 451/2003/EF (TEF L 69 av 13.3.2003, s. 6).

<sup>8</sup> Rådsbeslutning 1999/382/EF av 26. april 1999 om iverksetting av annen fase av Fellesskapets handlingsprogram «Leonardo da Vinci» for yrkesrettet opplæring (TEF L 146 av 11.6.1999, s. 33).

3. Initiativet «e-læring: utforming av morgondagens utdanning», som vart lagt fram av Kommisjonen i mai 2000 som eit svar på oppmodinga frå møtet i Det europeiske rådet i Lisboa, vart godkjent under møtet til Det europeiske rådet i Feira i juni 2000. Under møtet sitt i Stockholm i mars 2001 merkte Det europeiske rådet seg dei positive resultata frå dette initiativet.

4. I «handlingsplanen for e-læring» vart dei fire tiltaksområda for initiativet e-læring (infrastruktur og utstyr, opplæring, europeisk kvalitetsinnhald og tenester og samarbeid på alle nivå) utvikla vidare til ti grunnleggjande tiltak som fører saman dei ulike fellesskapsprogramma og -verkemidla med siktet på at samanhengen og samverknaden mellom dei skal verte betre, og at brukarane skal få lettare tilgang til dei.

5. Europaparlamentet vedtok 15. mai 2001 ein resolusjon<sup>9</sup> om begge kommisjonsmeldingane på området, der det vart slått fast at initiativet for e-læring medverkar til å styrke ideen om eit «felles europeisk utdanningsområde», som utfyller det europeiske forskingsområdet og den europeiske felles marknaden, og oppmoda til ei frittståande utvikling av initiativet under eit nytt særprogram med eit klart rettsleg grunnlag, slik at overlapping med eksisterande program kan unngåast og fellesskapstiltaka kan verte meir synlege og få tilført ein tilleggsverdi.

6. I resolusjonen sin av 13. juli 2001 om e-læring<sup>10</sup> godkjenner Rådet dette initiativet, og oppmodar Kommisjonen om å halde fram med og styrke tiltaka sine på dette området.

7. Kommisjonen vedtok 21. november 2001 meldinga «Verkeleggjering av eit europeisk område for livslang læring», der det vert gjort greie for kva potensial e-læring kan ha med omsyn til

<sup>9</sup> TEF C 34 E av 7.2.2002, s. 153.

<sup>10</sup> TEF C 204 av 20.7.2001, s. 3.

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av eit fleirårig program for ei effektiv integrering av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i utdannings- og opplæringsssistema i Europa (e-læringsprogrammet)

- å gjere tilgjengeleg og handtere nye utdanningstilbod for dette føremålet.
8. I konklusjonane frå møtet til Det europeiske rådet i Barcelona i mars 2002 vart det oppmoda til ein innsats for å skipe partnarskap mellom skolar over heile Europa, og konklusjonane vart følgde av ein rapport frå Kommisjonen om skiping av partnarskap ved hjelp av Internett, som vart lagd fram for Det europeiske rådet under møtet deira i Sevilla, og for å innføre eit sertifikat for bruk av Internett og edb for elevar i den vidaregåande skolen.
  9. Det må takast omsyn til problemet med sosial utestenging som følge av at ein del personar ikkje fullt ut kan gjere seg nytte av dei føremnene som informasjons- og kommunikasjons-teknologien (IKT) og Internett kan gje i kunniskapssamfunnet, det såkalla «digitale skiljet», som ofte råkar unge, funksjonshemma og eldre personar i tillegg til sosiale grupper som alt er offer for andre former for utestenging.
  10. Det må leggjast stor vekt på utdanning og tilleggsutdanning av lærarar, slik at dei vert i stand til å nytte Internett og IKT i klasserommet på ein kritisk og pedagogisk forsvarleg måte.
  11. Det må leggjast stor vekt på kjønnsskilnader når det gjeld bruk av e-læring, og like høve må fremjast på dette området.
  12. E-læring kan medverke til at Den europeiske unionen kan møte utfordringane frå kunniskapssamfunnet, betre kvaliteten på læringa, lette tilgangen til læringsressursar, ta omsyn til særskilte problem og innføre meir effektiv og verksam utdanning og opplæring på arbeidsplassen, særleg i små og mellomstore føretak.
  13. Trongen for ein europeisk dimensjon i høgare utdanning vart fastlagd i Bologna-fråsegnna, som vart underskriven 19. juni 1999 av 29 europeiske utdanningsministrar, saman med vektlegginga av å utvikle ein e-læringsdimensjon i denne samanhengen.
  14. Den europeiske unionen bør leggje særleg stor vekt på ei effektiv fremjing av virtuelle universitet for å utfylle verksemda innanfor ramma mobilitetsprogramma i Den europeiske unionen og saman med tredjestatarar.
  15. Eksisterande verkemiddel må styrkast og utyllast, og den rolla som e-læring spelar, må vurderast og når ein ny generasjon av verkemiddel skal utarbeidast på området utdanning og opplæring.
  16. For å styrkje tilleggsverdien av fellesskapsinnsatsen må det sikrast at det er samanheng og komplementaritet mellom dei tiltaka som vert gjennomførde innanfor ramma av denne avgjerta og annan relevant fellesskapspolitikk og andre relevante fellesskapsverkemiddel og -tiltak, særleg når det gjeld temaområdet teknologi i informasjonssamfunnet i det sjette ramme-programmet for forskning og utvikling, skipa ved avgjerd nr. 1513/2002/EF<sup>11</sup>.
  17. Kandidatstatane for tilmelding til Den europeiske unionen og medlemsstatane i EØS og EFTA bør kunne ta del i programmet for e-læring. Sakkunnige og utdanningsinstitusjonar frå andre tredjestatar bør kunne ta del i utvekslinga av røynsler innanfor ramma av det samarbeidet som finst med desse tredjestatane.
  18. Programmet for e-læring bør overvakast jamleg og vurderast i samarbeid med Kommisjonen og medlemsstatane, slik at det kan justerast, særleg når det gjeld prioriteringane for gjennomføring av tiltaka. Vurderinga bør omfatte ei ekstern vurdering som skal gjennomførast av uavhengige, upartiske organ.
  19. Ettersom målet for det framlagde tiltaket, som tek sikte på å fremje det europeiske samarbeidet for å betre kvaliteten og tilgjengen av utdanning og opplæring gjennom effektiv bruk av e-læring, ikkje kan nåast i tilstrekkeleg grad av medlemsstatane og difor, på grunn av den tverrnasjonale dimensjonen i den innsatsen og dei tiltaka som krevst, betre kan nåast på fellesskapsplan, kan Fellesskapet vedta tiltak i samsvar med nærleiksprinsippet slik det er fastsett i artikkel 5 i traktaten. I samsvar med prinsippet om rimeleg samhøve, slik det er fastsett i den nemnde artikkelen, går ikkje denne avgjarda lengre enn det som er naudsynt for å nå dette målet.
  20. I denne avgjerala er det for heile det tidsrommet som programmet for e-læring varer, fastsett ei finansiell ramme som utgjer det viktigaste referansegrunnlaget for budsjettstyresmakta ved den årlege budsjettthandsaminga, slik det er definert i nr. 33 i den tverrinstitusjonelle avtala av 6. mai 1999 mellom Europaparlamentet, Rådet og Kommisjonen om budsjettdisiplin og betre budsjettthandsaming<sup>12</sup>.
  21. Dei tiltaka som er naudsynte for å gjennomføre dette vedtaket, bør vedtakast i samsvar med

<sup>11</sup> Europaparlamets- og rådsbeslutning nr. 2002/1513/EF av 27. juni 2002 om Det europeiske fellesskaps sjette ramme-program for forskning, teknologisk utvikling og demonstrasjon som bidrag til opprettelsen av det europeiske forskningsområde og til nyskaping (2002–2006) (EFT L 232 av 29.8.2002, s. 1).

<sup>12</sup> TEF C 172 av 18.6.1999, s. 1. Avtala endra ved europaparlamets- og rådsavgjerd 2003/429/EF (TEU L 147 av 14.6.2003, s. 25).

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av eit fleirårig program for ei effektiv integrering av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i utdannings- og opplæringssistema i Europa (e-læringsprogrammet)

rådsbeslutning 1999/468/EF av 28. juni 1999 om fastsettelse av nærmere regler for utøvelsen av den gjennomføringsmyndighet som er tillagt Kommisjonen<sup>13</sup> –

TEKE DENNE AVGJERDA:

### *Artikkel 1*

#### **Skiping av programmet**

1. Ved denne avgjerala vert det skipa eit program for e-læring, heretter kalla «programmet», som er eit fleirårig program for å betre kvaliteten av og tilgjeget til europeiske utdannings- og opplæringssystem gjennom ein effektiv bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT).
2. Programmet skal gjennomførast i tidsrommet frå 1. januar 2004 til 31. desember 2006.

### *Artikkel 2*

#### **Måla for programmet**

1. Det overordna målet for programmet er å støtte og vidareutvikle ein effektiv bruk av IKT i europeiske utdannings- og opplæringssystem, for såleis å medverke til at kvaliteten på utdanninga vert betre og å fremje tilpassinga av systemet til dei krava som kunnskapssamfunnet har innanfor ramma av livslang læring.
2. Dei særskilte måla for programmet er:
  - a) å identifisere dei aktuelle aktørane og informere dei om korleis e-læring kan nyttast for å fremje digital kompetanse, og såleis medverke til å styrke sosial utjamning og personleg utvikling, og å fremje dialogen mellom kulturar,
  - b) å utnytte potensialet til e-læring for å styrke den europeiske dimensjonen innanfor utdanning,
  - c) å skipe ordningar for å støtte utviklinga av europeiske produkt og tenester av høg kvalitet, og for å utveksle og overføre god praksis,
  - d) å utnytte potensialet for e-læring innanfor ramma av nyskaping i undervisningsmetodar, med sikte på å betre kvaliteten til læringsprosessen og fremje sjølvstendet til dei som skal lære.

<sup>13</sup> TEF L 184 av 17.7.1999, s. 23.

### *Artikkel 3*

#### **Innsatsområda til programmet**

2. Måla for programmet skal verkeleggjerast innanfor følgjande innsatsområde, i samsvar med dei tiltaksområda som det er gjort greie for i vedlegget:
  - a) Fremjing av digital kompetanse:
 

Tiltaka på dette område vil omfatte bruk av IKT i skolen, og i ei vidare tyding i samband med livslang læring, særleg for personar som pga. geografisk plassering, sosial situasjon eller særskilte krav ikkje på ein enkel måte har tilgang til slik teknologi. Målet er å peike på gode døme og utvikle samverkanad mellom dei mange formene for nasjonal og europeisk verksemd som er retta mot desse målgruppene.
  - b) Europeiske virtuelle universitet:
 

Tiltaka på dette området tek sikte på ei betre integrering av den virtuelle dimensjonen innanfor høgare utdanning. Målet er å oppmuntre til utvikling av nye organisasjonsmodellar for høgare utdanning i Europa (virtuelle universitet) og for europeiske ordningar for utveksling og deling (virtuell mobilitet) som byggjer på eksisterande europeiske rammer for samarbeid (Erasmus-programmet, Bologna-prosessen), og som tilfører ein «e-læringsdimensjon» til dei praktiske verktøya deira (Det europeiske systemet for overføring av studiekvalifikasjoner (ECTS), europeisk mastergrad, kvalitetstrygging, mobilitet).
  - c) Skiping av e-partnarskap mellom skolar i Europa, og fremjing av lærarutdanning:
 

Tiltaka på dette området skal støtte og vidareutvikle nettverkssamarbeidet mellom skolar, slik at det vert mogleg for alle skolar i Europa å utvikle partnarskap på undervisningsområdet med skolar andre stader i Europa, for såleis å fremje nyskapande samarbeidsmetodar og overføre undervisningsmetodar av høg kvalitet, og å styrke språkopplæringa og dialogen mellom kulturar. Tiltaka på dette området skal òg omfatte ajourføring av fagkunnskapane hjå lærarar og instruktørar når det gjeld bruk av IKT til pedagogiske og samarbeidsmessige føremål gjennom utveksling og spreiling av god praksis og skiping av tverrnasjonale og tverrfaglege samarbeidsprosjekt.
  - d) Overgripande tiltak:
 

Tiltaka på dette området skal fremje e-læ-

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av eit fleirårig program for ei effektiv integrering av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i utdannings- og opplæringsssistema i Europa (e-læringsprogrammet)

- ring i Europa gjennom overvaking av handlingsplanen for e-læring. Måla er å spreie, fremje og overføre god og nyskapande praksis og resultata frå prosjekta og programma, og å styrke samarbeidet mellom dei ulike aktørane som det gjeld, særleg ved å oppmuntre til partnarskap mellom den offentlege og den private sektoren.
2. Desse tiltaka skal gjennomførast i samsvar med dei framgangsmåtane som er fastlagde i vedlegget, og ved hjelp av dei følgjande metodane, som kan kombinerast slik det høver:
    - a) støtte til forsøksprosjekt som kan ha ein strategisk innverknad på praksis innanfor utdanning og opplæring, og som har klare perspektiv på langsiktig berekraft,
    - b) støtte til utvikling av metodar, verkøy og praksis, og til analyse av tendensar i utforminga og bruken av «e-læringsmodellar» innanfor utdanning og opplæring,
    - c) støtte til nyskapande tiltak gjennom europeiske nettverk og partnarskap som skal fremje nyskapning og kvalitet i utforminga og bruken av produkt og tenester som byggjer på ein relevant bruk av IKT til utdannings- og opplæringsføremål,
    - d) støtte til europeiske nettverk og partnarskap som skal fremje og styrke den pedagogiske og didaktiske bruken av Internett og IKT og utvekslinga av god praksis. Denne verksemda skal sikre at lærarar og elevar ikkje berre har dei tekniske kunnskapane som trengst for å nytte Internett og IKT, men òg kan nytte denne teknologien på ein pedagogisk, kritisk og ansvarleg måte,
    - e) støtte til europeisk samarbeid, overføring av produkt innanfor e-læring og spreiing og utveksling av god praksis,
    - f) teknisk og administrativ støtte.

#### *Artikkels 4*

#### **Gjennomføring av programmet og samarbeid med medlemsstatane**

1. Kommisjonen skal:
  - a) syte for at dei fellesskapstiltaka som er omfatta av dette programmet, vert gjennomførde i samsvar med vedlegget,
  - b) syte for at det er samverknad med andre fellesskapsprogram og – tiltak på området utdanning, forsking, sosialpolitikk og regionutvikling,
  - c) fremje og lette samarbeidet med internasjonale organisasjonar som driv verksemd på området e-læring.

2. Medlemsstatane skal peike ut eigna kontaktpersonar som skal ha eit nært samarbeid med Kommisjonen med omsyn til relevant informasjon om bruk og praksis innanfor e-læring.

#### *Artikkels 5*

#### **Gjennomføringstiltak**

1. Dei følgjande tiltaka som er naudsynte for gjennomføringa av denne avgjerd, skal vedtakast etter den framgangsmåten med forvaltingsutval som er nemnd i artikkels 6 nr. 2:
  - a) den årlege arbeidsplanen, medrekna prioriteringar, og kriteria og framgangsmåtane for utveljing, saman med resultata,
  - b) det årlege budsjettet og fordelinga av midlar til dei ulike tiltaka innanfor programmet, i samsvar med artikkels 9 og 10, F
  - c) tiltak for overvaking og vurdering av programmet, og for spreiing og overføring av resultat.
2. Alle andre tiltak som er naudsynte for gjennomføringa av denne avgjerd, skal vedtakast etter den framgangsmåten med rådgjevande utval som er nemnd i artikkels 6 nr. 3.

#### *Artikkels 6*

#### **Utval**

1. Kommisjonen skal få hjelp av eit utval.
2. Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkels 4 og 7 i avgjerd 1999/468/EU nyttast, samstundes som det vert teke omsyn til føresegnene i artikkels 8 i den nemnde avgjerd. Det tidsrommet som er fastsett i artikkels 4 nr. 3 i avgjerd 1999/468/EU, skal vere to månader.
3. Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkels 3 og 7 i avgjerd 1999/468/EU nyttast, samstundes som det vert teke omsyn til føresegnene i artikkels 8 i den nemnde avgjerd.
4. Utvalet fastset møteføresegnene sine.

#### *Artikkels 7*

#### **Samanheng og komplementaritet**

1. Kommisjonen skal, i samarbeid med medlemsstatane, syte for at det er samanheng og komplementaritet mellom dette programmet og annan relevant fellesskapspolitikk og andre relevante fellesskapsverkemiddel og -tiltak, særleg programma for utdanning og opplæring – Sokrates og Leonardo da Vinci – og ungdomsprogrammet.
2. Kommisjonen skal syte for at det finst ei verk-

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av eit fleirårig program for ei effektiv integrering av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i utdannings- og opplæringssistema i Europa (e-læringsprogrammet)

sam kopling og eventuelt ei samordning mellom dette programmet og andre program og annan innsats på området ny teknologi for utdanning og opplæring, og særleg med den relevante innsatsen innanfor forsking, teknologisk utvikling og demonstrasjonsverksemd innanfor det sjette rammeprogrammet.

#### *Artikkel 8*

#### **Finansiering**

1. Den finansielle ramma for gjennomføringa av programmet er 44 millionar euro for det tidsrommet som er fastsett i artikkelen 1.
2. Dei årlege løyingane skal godkjennast av budsjettstyretemakta innanfor ramma av dei finansielle oversлага.

#### *Artikkel 9*

#### **Budsjettfordeling**

Budsjettfordelinga mellom tiltaka skal vere som følgjer:

- a) e-læring til fremjing av digital kompetanse: om lag 10% av det samla budsjettet,
- b) Europeiske virtuelle universitet: om lag 30% av det samla budsjettet,
- c) skiping av e-partnarskap mellom skolar i Europa, og fremjing av lærarutdanning: om lag 45% av det samla budsjettet,
- d) overgripande tiltak og overvaking av handlingsplanen for e-læring: høgst 7,5% av det samla budsjettet,
- e) teknisk og administrativ støtte: høgst 7,5% av det samla budsjettet.

#### *Artikkel 10*

#### **Deltaking for kandidatstatane for tilmelding til Den europeiske unionen og EØS-EFTA-statane**

Vilkåra og dei nærmare reglane for deltaking i programmet for dei statane som er kandidatar for tilmelding til Den europeiske unionen og for EØS-EFTA-statane, skal fastsetjast i samsvar med dei relevante føresegnene i dei avtalene som gjeld mellom Fellesskapet og desse statane.

#### *Artikkel 11*

#### **Samarbeid med tredjestatar**

På initiativ frå Kommisjonen kan sakkunnige frå andre tredjestatar enn dei som er nemnde i artikkelen 10, ta del i konferansar og møte, bortsett frå dei utvalsmøta som er nemnde i artikkelen 6.

Midlane til refusjon av reise- og oppholdsutgifter i samsvar med dei gjeldande reglane til Kommisjonen skal ikkje overstige 0,5% av det samla budsjettet til programmet.

#### *Artikkel 12*

#### **Overvaking og vurdering**

1. Kommisjonen skal jamleg overvake programmet i samarbeid med medlemsstatane. Denne overvakinga skal omfatte den rapporten som er nemnd i nr. 2, og særskild verksemd.
2. Kommisjonen skal syte for at det vert gjort ei ekstern vurdering av programmet når det vert avslutta. I denne vurderinga skal det fastleggjast kor relevante, effektive og verksame dei ulike tiltaka er, og det skal òg vurderast kva samla verknad programmet har hatt. Det skal leggjast særleg vekt på spørsmål som gjeld sosial utjamning og like høve.

I denne vurderinga skal det òg granskast om det er komplementaritet mellom tiltaka i dette programmet og tiltak som er omfatta av annan relevant fellesskapspolitikk og andre relevante fellesskapsverkemiddel og -tiltak.

Kommisjonen skal innan utgangen av 2007 legge fram ein sluttvurderingsrapport for Europaparlamentet, Rådet, Det europeiske økonomi- og sosialutvalet og Regionutvalet.

#### *Artikkel 13*

#### **Iverksetjing**

Denne avgjerdet tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utført i Brussel, 5. desember 2003.

*For Europaparlamentet*

P. COX  
*President*

*For Rådet*

P. LUNARDI  
*Formann*

#### **VEDLEGG**

##### **1. TILTAKSOMRÅDE**

Tiltaksområda er eit middel til å gjennomføre det overordna målet for programmet, som er å fremje utvikling og føremålstenleg bruk av e-læring i Europa, og å støtte innsatsen til medlemsstatane på dette området. Dei er fordelt i samsvar med dei fire innsatsområda til programmet.

Tiltaksområde 1: «Fremjing av digital kompetanse»

Tiltak på dette området må omfatte både teoretiske og praktiske spørsmål, frå forståing av kva digital kompetanse inneber til fastlegging av særtil-

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av eit fleirårig program for ei effektiv integrering av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i utdannings- og opplæringsssistema i Europa (e-læringsprogrammet)

tak for særlege målgrupper. Digital kompetanse er heilt grunnleggjande når det gjeld den kunnskapspen og dugleiken som trengst for å ta aktivt del i kunnskapssamfunnet og den nye mediekulturen. Digital kompetanse har òg samanheng med mediakunnskap og sosial komeptanse, ettersom desse har felles mål som t.d. aktivt borgarskap og ansvarleg bruk av IKT.

- a) Identifisering og spreiing av god praksis i fremjinga av digital kompetanse. Det vil verte lagt særleg vekt på å betre tilgangen til læringsressursar for personar som har dårlig tilgang til IKT, å handsame ulike kognitive og didaktiske metodar og ulike læringsmåtar, å ta omsyn til særlege krav, t.d. hjå innvandrarar, barn som ligg på sjukehus, eller funksjonshemma brukarar, og å granske bruken av engasjerande og motiverande metodar.
- b) Medvitsaukande tiltak gjennom europeiske nettverk på dette området. Programmet vil støtte tiltak som vert gjorde av europeiske nettverk, samanslutningar, offentlege styresmakter, partnarskap mellom den offentlege og den private sektoren osv. Det vil likeins støtte kontakt og utveksling av god praksis desse imellem.

#### Tiltaksområde 2: «Europeiske virtuelle universitet»

Dette tiltaksområdet tek sikte på å gje ein «e-læringsdimensjon» til europeiske initiativ på området høgare utdanning, og såleis medverke til å skape eit europeisk område for høgare utdanning.

- a) Utvikling av eksisterande verkemiddel, særleg slike som gjeld virtuell mobilitet som ei utfylling og styrking av den fysiske mobiliteten (virtuell Erasmus), godkjennings- og valideringsordningar (som byggjer på ECTS), opplysnings- og rettleiingstenester, og eventuelle andre former for samverknad mellom virtuelle og tradisjonelle modellar. Desse prosjekta bør byggje på avtaler mellom institusjonar som, når det er mogleg, utvidar eller utfyller eksisterande samarbeidsavtaler innanfor ramma av mobilitetsprogramma i Fellesskapet.
- b) Tverrnasjonale virtuelle universitet. Programmet vil støtte strategiske prosjekt som vert lagde fram av institusjonar for høgare utdanning i minst tre medlemsstatar. Samarbeidsmodellar for e-lærings bør utviklast med omsyn til utarbeiding av felles undervisningsplanar som er utvikla ved fleire universitet, medrekna avtaler om vurdering, validering og godkjenning av den kompetansen som er tileigna, med atterhald for nasjonale framgangsmåtar, omfattande

forsøk med omsyn til virtuell mobilitet i tillegg til fysisk mobilitet, og utvikling av nyskapande undervisningsplanar for begge studiemetodane, som inneber både tradisjonell læring og e-læring.

- c) Europeiske modellar for e-læring i den høgare utdanninga. Innanfor desse prosjekta bør det utviklast nye modellar for samarbeid mellom europeiske institusjonar for høgare utdanning, der det særleg vert lagt vekt på tilrettelegging for vidareutdanning og fagleg utvikling, på utvikling av tenester som skal vere til støtte for læringa, og på opplæring av lærarar, instruktørar og anna undervisningspersonale i korleis e-læring best kan nyttast i undervisninga. Det bør utarbeidast nye metodar for kvalitetstrygging, og utviklast ei betre forståing av kva organisatoriske endringar og eventuelle farar som har samband med innføringa av e-læring i høgare utdanning, og det bør utarbeidast europeiske modellar for partnarskap mellom den offentlege og den private sektoren på området e-læring innanfor høgare utdanning, og dei alternativa som følgjer av dei nye partnarskap og finansieringsmodellane, bør òg utviklast vidare.

#### Tiltaksområde 3: «Skiping av e-partnarskap mellom europeiske grunnskolar og vidaregåande skolar, og fremjing av lærarutdanning»

Dette tiltaksområdet tek sikte på å gjere det lettare å skipe e-partnarskap mellom skolar og å betre lærarutdanninga, samstundes som dei europeiske skolane vert oppmuntra til å utvikle partnarskap på undervisningsområdet med skolar andre stader i Europa, for såleis å fremje språkopplæringa og dialogen mellom kulturar. Dette tiltaket er retta mot grunnskolar og vidaregåande skolar.

- a) Identifisering og analyse av eksisterande initiativ. Innanfor dette tiltaket skal eksisterande praksis analyserast. Gjennom dette tiltaket vert det peikt på gode demonstrasjonsprosjekt, særleg fleirspråklege og fleirkulturelle prosjekt, for korleis pedagogiske multimedia og kommunikasjonsnett kan medverke til å støtte partnarskap mellom skolar. Tiltaket vil legge vekt på studium av einskildtilfelle og på vurderingsmateriale og -metodar med sikte på å utnytte potensialet til IKT for nyskapande samarbeidsmetodar som t.d. virtuelle klasserom, utarbeiding av felles undervisningsplanar for tilleggsutdanning av lærarar, tverrfaglege metodar eller bruk av felles verktøy og ressursar i undervisninga.
- b) Støttenettverk for e-partnarskap. Dette nettverket skal vere samansett av lærarar eller anna

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av eit fleirårig program for ei effektiv integrering av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i utdannings- og opplæringssistema i Europa (e-læringsprogrammet)

undervisningspersonale med røysle fra europeisk samarbeid. Det skal stille til rådvelde pedagogisk støtte og rettleiing, verktøy og tenester for å søkje etter partnarskolar, metodar for utveksling av røysler, saman med ei Internett-plattform for e-partnarskapsverksemda som byggjer på eksisterande nettstader.

- c) Støtte til samarbeidsnettverk som gjeld tilleggsutdanning av lærarar og anna undervisningspersonale. Desse nettverka skal bygge på institusjonar som har ansvar for pedagogisk bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Desse nettverka skal leggje vekt på prioriterte samarbeidsområde slik det er gjort greie for i rapporten om dei konkrete framtidsmåla til utdannings- og opplæringssistema. Det skal leggjast særleg vekt på å skape gode vilkår for å utnytte potensialet til IKT i samband med nyskapande samarbeidsmetodar, utveksling av undervisningsressursar og – metodar og felles utvikling av undervisningsmateriell.
- d) Fremjings- og kommunikasjonstiltak. Framgangen til initiativet er avhengig av ein dynamisk kommunikasjonsinnsats som tek utgangspunkt i nettstaden, og som m.a. omfattar utforming av ei tiltalande visuell framstilling, publikasjonar, pressemeldingar, utarbeiding av opplysningsdokument om skoleprosjekt, tilstelningar i samband med lansering og avslutting, konkurransar og prisutdelingar.

#### Tiltaksområde 4: Overgripande tiltak og overvaking av handlingsplanen for e-læring

I tillegg skal det ytast finansiell støtte til overgripande tiltak som t.d.:

- a) Støtte til aktiv overvaking av handlingsplanen for e-læring. Føremålet med dette tiltaket er å gjere EU-tiltaka innanfor e-læring meir samanhengande og synlege gjennom spreiling av relevant materiell som t.d. rapportar og granskningar, samling av prosjekt som har same mål eller nyttar liknande metodar, og støtte til utveksling av røysler, nettverksarbeid og eventuelle andre former for samverknad innanfor ramma av handlingsplanen.
- b) Vedlikehald ein portal for e-læring som skal gje enkel og direkte tilgang til europeisk verksemd innanfor e-læring og til eksisterande informasjonskjelder, adresselister, databasar eller kunnskapsbasar, og som kan leggje til rette for ein brukarvennleg tilgang til fellesskapsprogram, -prosjekt, -granskningar, -rapportar og -arbeidsgrupper.
- c) Medvitsaukande tiltak og informasjon gjennom europeiske nettverk. Dette tiltaket tek sikte på

å støtte europeiske nettverk på området e-læring og verksemd i tilknyting til dette, t.d. målretta konferansar, seminar eller arbeidsgrupper om viktige emne innanfor e-læring, t.d. kvalitetstrygging, og å fremje drøfting på europeisk plan og utveksling av god praksis på området.

- d) Utforming og utvikling av verktøy for overvaking, analysar og prognosar for e-læring i Europa, i samarbeid med Eurostat og Den europeiske investeringsbanken.

Dette programmet kan også medverke i felles tiltak i samverknad med internasjonale prosjekt for god og effektiv bruk av IKT innanfor utdanning og opplæring, t.d. prosjekt som vert drivne av OECD eller Unesco.

#### Tiltak for teknisk støtte

Gjennomføringa av programmet skal også støttast gjennom tiltak for spreiling av resultat (t.d. publikasjonar, tilvisingar til Internett, demonstrasjonsprosjekt og -tilskipingar), og dersom det er naudsynt, gjennom overføringer av strategiske granskningar som drøftar nye problem eller bruksområde, eller andre spørsmål som er viktige for utviklinga av e-læring i Europa. Programmet vil også gje støtte til ordningar for kontinuerleg tilbakemelding frå brukarar og deltakarar, og til den eksterne sluttvurderinga.

## 2. NÆRMARE REGLAR FOR GJENNOMFØRINGA OG FOR FINANSIERING OVER FELLES-SKAPSBUJSJETTET

Midlar vil verte tildelte som følgje av innbydinigar til tilbod og framlegg.

Kjøp av tenester (t.d. studium av einskildtilfelte, eller sakkunnige) vil verte finansiert med 100%, og det same kan også gjelde for skipinga eit framtidig forvaltingskontor, noko som er under vurdering.

#### Tiltaka skal finansierast gjennom:

- a) tilskot som dekkjer høgst 80% av dei kostnadene som gjev rett til støtte, saman med andre kjelder i den offentlege og/eller private sektoren, til samarbeidsprosjekt som t.d. nyskapande prosjekt av strukturell art (alle tiltaksområde),
- b) tilskot som dekkjer høgst 80% av dei kostnadene som gjev rett til støtte, til partnarskap innanfor e-læring under leiing av utdanningsinstitusjonar, som tek sikte på å innføre ein «e-læringsdimensjon» og nye modellar for høgare utdanning i Europa (tiltaksområde 2),
- c) 100% finansiering av ordningar for skiping av etnarskap mellom skolar, medrekna ei Internett-

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av eit fleirårig program for ei effektiv integrering av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i utdannings- og opplæringssistema i Europa (e-læringsprogrammet)

plattform, av eit europeisk nettverk for pedagogisk støtte i samarbeid med medlemsstatane, og eventuelle andre støttetiltak som t.d. granskning av eksisterande partnarskapsordningar mellom skolar eller utarbeiding av særskilte verktøy til søking etter partnarar. Tilskot på 50–80% kan gjevast til medlemsstatane som støtte til fremjings- og spreiingstiltak (tiltaksområde 3),

- d) tilskot på 50–80% av kostnadene i samband med informasjons- og kommunikasjonstiltak, t.d. seminar, vitjingar, felles rapportar, fagfellevurderingar og liknande tiltak for spreiing og kunnskapsdeling (alle tiltaksområde).

Gjennomføringsordningane som er fastsette i framlegget, følgjer i store trekk dei vanlege felles-skapsmetodane med omsyn til tilskot og samfinan-

siering på grunnlag av utførlege søknader om midlar. Delar av programmet vil òg verte finansierte fullt ut av Fellesskapet, t.d. støttenettverket og den sentrale nettstaden for skiping av etnarskap mellom skolar. Midlar vil verte tildelte som følgje av innbydingar til tilbod og framlegg.

Programmet skal forvaltast av Kommisjonen, eventuelt med støtte frå eit framtidig forvaltingskontor, som kan verte skipa etter nærmare vurdering.

Løyvingane skal dekkje utgifter til granskningar, møte mellom sakkunnige, informasjon, konferansar og publikasjonar som er knytte direkte til målet for programmet, saman med andre utgifter til teknisk og administrativ støtte som ikkje høyrer inn under ansvarsområdet til offentlege styresmakter.

---

---







Grafisk produksjon: InfoMediaHuset AS